



**Jobbnorge-ID:** 280241  
**Søknadsfrist:** 15.06.2025  
**Nettside:** <https://www.simas.no/>  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Fast

## SIMAS IKS

SIMAS IKS er eit renovasjonsselskap i Sogn med stort fokus på klima og miljø og selskapet spelar ei viktig rolle i samfunnsutviklinga. Me jobbar kontinuerleg med å utnytte verdiane i avfallet betre. SIMAS ynskjer å bidra til minst mogleg utslepp av klimagassar og miljøgifter på ein kostnadseffektiv måte.

## Kundekonsulent

### Om stillinga

Avfallsbransjen har ei sentral rolle i det grønne skiftet, og no søker me etter ein kundekonsulent som vil vere eit viktig ledd i administrasjonen i SIMAS. Som kundekonsulent vil du få vere med å påverke og ha ei rolle i utviklinga av SIMAS som eit framtidretta renovasjonsselskap.

### Arbeidsoppgåver

- Handsaming av søknader for renovasjon og slam
- Kontakt mot slamrenovatør
- Kundecontact mot kommunar og innbyggjarar
- Anna førefallande arbeid

### Ynskjelege kvalifikasjonar

- Ha interesse for avfallsbransjen og gjenvinning/ombruk
- Relevant høgare utdanning. Erfaring kan kompensere for manglande formell kompetanse
- Erfaring innan offentleg forvaltning
- Kan arbeide sjølvstendig og samarbeide godt med andre
- Gjennomføringsevne, høg grad av ansvarsfølelse og arbeidskapasitet, samt vere fleksibel, ryddig, strukturert og nøyaktig
- Kan ta eit ekstra tak når det trengs
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt, og det vil bli teke omsyn til korleis vår nye medarbeidar kan komplettere dei andre medarbeidarane i verksemda
- God til å kommunisere skriftleg og munnleg, snakke og skrive flytande norsk
- God IKT-kompetanse og vere klar for å lære deg nye system

### Me kan tilby

- Ein allsidig jobb i ein bransje i utvikling og som er framtidretta
- Varierte og meningsfylte arbeidsoppgåver hjå ein viktig miljøaktør i indre Sogn
- Eit godt fagmiljø og hyggelege kollegaer
- Varierende dagar med aktivt og samfunnsnyttig miljøarbeid
- Løn etter avtale og pensjonsordning i KLP
- Fast stilling med gode tenestepensjons- og forsikringsordningar
- Fleksibilitet i arbeidstid og moglegheit for heimekontor
- Arbeidsstad i naturskjønne omgjevnadar i Festingdalen med kort avstand til flotte turar, både sommar og vinter

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Aud Jane Beheim, Økonomisjef  
Telefon: +47 480 14 074 | E-post: [aud.jane@simas.no](mailto:aud.jane@simas.no)
- Vurdering av kandidatar med innkalling til intervju vil skje fortløpande, så ikkje vent med å søke. ,  
Telefon: | E-post:

### Arbeidsstad:

Festingdalsvegen 368 6854 Kaupanger (Sogndal Kommune)